



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Torgeir Flo, 55 57 21 46

Vår dato  
29.03.2017  
Dykkar dato  
17.02.2017

Vår referanse  
2013/3470 421.3  
Dykkar referanse  
14/1180

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### Avgrensa høyring - Regional areal og transportplan for Bergensområdet

Vi viser til brev 17.02.2017 frå Hordaland fylkeskommune med melding om avgrensa høyring av framlegg til Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (RATP).

Fylkesmannen finn det positivt at Hordaland fylkeskommune no har utarbeidd eit revidert framlegg til regional areal- og transportplan. Vi vil særleg trekke fram at det no er gjeve ei nærmare kopling til transportsida. I tillegg til målet om ei meir konsentrert by- og tettstadsutvikling, er målet om samordning av areal- og transportplanlegginga heilt sentralt i den statlege planretningslina.

Vi har i tidlegare uttale til framlegg til regional areal- og transportplan peika på ein del manglar knytte til dei ulike tema som burde vore retta i det fyrste planframlegget, jf. brevet vårt av 29.09.2015. Mellom anna var Fylkesmannen kritisk til teksten knytt til fordeling av framtidig vekst i folkesetnaden, då vi meinte at meir av veksten burde kome i Bergen kommune.

Vidare hadde vi merknader til framlegget til retningsliner knytt til kor mykje av veksten i den enskilde kommune som skulle kome i dei (regionale) vekstsentrana. Vi meinte òg at det burde søkjast å differensiere mellom dei ulike kommunane.

Avgrensinga av dei ulike regionale vekstonene fann vi òg upressis, slik dei var vist på kart i planframlegget. Vi meinte òg at planen burde vore tydlegare på føresetnader knytte til kommunal arealplanlegging mellom anna ved revisjon av arealdelen til kommuneplanane, til dømes ved at «gule» område som ikkje er realisert må takast ut.

Når det gjaldt omtale av næringsareal, hadde vi særleg merknad til skissering av framtidige næringsområde i kommunane, som vi meinte var handtert klårt misvisande.

#### Merknader til endringane i planframlegget

Vi har merka oss at nullvekstmålet no er gjeve ein tydlegare plass i plandokumentet, i samsvar med mellom anna signal frå departementet. Fylkesmannen vil her særleg minne om at Regional areal- og transportplan er ein plan som skal leggje føresetnader på mellom anna kommunane si arealplanlegging i tida framover gjennom byvekstavtalar.

Vi finn det såleis positivt at det no er utarbeidd eit framlegg til å definera nærmere korleis ein skal handsame nullvekst målet i bergensområdet. Vi støttar difor dei løysingane fylkeskommunen lanserer i kap 4.3.

Fylkesmannen vil minne om at om ein skal kunne nå nullvekstmålet, må det skje både meir konsentrasjon av bustadutbygging sentralt i kommunane samstundes som det må sikrast særskilte gode kollektivtransport- og gang-/sykkeltilbod til/frå desse sentrale vekstområda, dvs. eit tilbod som sikrar at konkurransen mot privatbil vert jamna meir ut. I dag er det mest berre sentrale deler av Bergen som har eit slikt tilbod på plass, noko som speglast av data frå reisevaneundersøkingar.

Det er vidare gjort nokre betringar når det gjeld omtale av mogleg potensiale for nye næringsområde i planområdet som vi har vore kritiske til. Fylkesmannen er likevel ikkje nøgd med korleis dette temaet er handsama i planframlegget. Kartet som er vist i kap. 4.5.8 meiner vi ikkje gjev nyttig informasjon, men heller er eigna til å skape uvisse om kor det er eit reelt potensiale for arealkrevjande næring til å kunne etablera seg i framtida.

Som vi har gitt tydeleg uttrykk for i den tidlegare uttalen vår til planframlegget, finn vi at planen framleis legg for vide rammer for kommunane si arealplanlegging. Planen burde særleg vore klårare med omsyn til kvar framtidig vekst skal kome og kor høg utnytting det bør vere i regionale vekstområde. Planen vil difor framleis for oss berre kunne vere eit supplement til den statlege planretningslinja for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Merknadane våre i uttalen frå 29.09. 2015 står ved lag.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*